

Møteprotokoll

Kontaktutval for innvandrere og flyktninger



Møtedato: 17.06.2024

Tid: 19 -2030

Møtestad: Rådhuset

Møteleiar: Anne Kristin Aaseth

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti	Varamedlem for
Anne Kristin Aaseth	Leiar	H	
Guro Betten		V	
Ingeborg Hageberg		KrF	
Veronica Ivanov	Nestleiar		
Awa Rahimpour			
Myroslav Shaladonor			

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
------	----------

Stord, 21. juni 24

Ingeborg Hageberg

Teknisk møtesekretær

Saker til handsaming

Saknr	Tittel
GK 1/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
GK 2/24	Val av nestleiar
GK 3/24	Val av referent/teknisk møtesekretær
OS 4/24	Presentasjon av kontaktutvalets medlemar: Formål: Å bli kjend
RS 5/24	Kommunedirektøren si arbeidsliste
RS 6/24	Til drøfting: Kontaktutvalet skal vere eit aktivt utval og eit talerøyr for innvandrarak og flyktningar. Korleis får me dette til? Kva saker skal me handsame, og kva instansar skal me ha kontakt med for best mogleg å vera informert om det som hender?
RS 7/24	Møteplan for hausten

GK 1/24 Godkjenning av innkalling

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent

GK 2/24 Val av nestleiar

Vedtak:

Veronica Ivanov vart samrøystes vald som nestleiar i utvalet

GK 3/24 Val av referent

Vedtak:

Ingeborg Hageberg vart samrøystes vald som referent av møta i utvalet

OS 4/24 Presentasjon av kontaktutvalet sine medlemar

RS 5/24 Kommunedirektøren si arbeidsliste

Teke til orientering

RS 6/24 Til drøfting: Kontaktutvalet skal vere eit aktivt utval og eit talerøyr for innvandrarak og flyktningar. Korleis får me dette til? Kva saker skal me handsame, og kva instansar skal me ha kontakt med for best mogleg å vera informert om det som hender?

Me vil kontakte SK å høyre korleis me på best mogleg måte kan få informasjon frå innvandrarak og flyktningar som tar kontakt.

Det blir drive mange ulike arrangement som er opne for alle innbyggarak i kommunen, og også mange arrangement som spesielt inviterer nye innbyggarak. Mange menneske som bur på mottaka, kjem seg ikkje på desse arrangementa. Korleis kan me nå desse menneska?

Det må jobbast meir med å få ut informasjon til nye innbyggarak. Me vil laga ei facebookside som fortel om vårt utval og vårt mandat. Me vil også utarbeide ein brosjyre som fortel om utvalet dersom dette ikkje finst i kommunen.

Me ønskjer å kome i kontakt med innvandrarak og flyktningar ved blant anna å besøke mottaka me har på øya.

Me vil kontakte frivillighetssentralen for å høyre om kva aktivitetar dei driv, om dei treng fleire frivillige, og om det er tiltak som ikkje er i gang no, til dømes språkopplæring i frivillig regi på mottaka.

Guro Betten tar kontakt med mottaket på Heiane for informasjon. Ho sjekkar også opp i om ein kan utvida antall lærlingeplassar for målgruppa.

Anne Kristin Aaseh lagar facebookside og sjekkar med kundetorget for informasjonsflyt.

Veronica Ivanov kan lage brosjyre dersom det manglar.

Ingeborg Hageberg tar kontakt med frivillighetssentralen.

RS 7/24 Møteplan for hausten

03.09.2024 kl 18-1930

05.11.2024 kl 18-1930